

STORAVATNET MÅ IKKJE REGULERAST.

Ta seg til rette: Det er urimeleg at eit firma som ERKO settefisk AS skal kunne kjøpe seg ei lita tomt på eit bortg(l)øynd industriområde, for deretter strekkje ut ein diger 1700 meter lang tentakel rett inn i tettbebygd strøk og ta seg til rette på fellesskapet sin bekostning! Tenk om andre firma som Biltema, Elkjøp eller Kebabkiosken også held på på denne måten, korleis skulle det då sett ut med plastslangar over alt? Det er ingen rettighet å ha stygge og lange plastrøyrar ut i frå industritomtar og inn i områder der det bur og ferdast mykje folk.

Litlabø og Sagvåg skal satse på reiseliv og turisme i framtida, men ein svart plastikksjøorm med indre diameter på 63 cm kjem ikkje inn i desse planane. Denne turismeideen om sjøorm er allereie funne opp og teken i bruk i Loch Ness.

Nei, ERKO settefisk AS må finne seg ein annan stad for denne type virksomhet, ikkje presse seg på inn i eit kjerneområde av Sunnhordland sin nest største tettstad, der fleire tusen menneske har busett seg og der barn og unge veks opp.

At eit rådgjevingsfirma i Bergen kan påstå at ERKO settefisk sitt framstøyt mot Storavatnet på Stord ikkje får nemneverdige konsekvensar for lokalmiljøet, er USERIØST.

Anten er Rådgivende Biologer As svært naive (noko eg ikkje trur at dei er), eller så har dei teke seg så godt betalt av ERKO settefisk AS for konsulenttenestane sine at dei ønsker å tilpassar rapporten slik at ERKO settefisk AS også skal få noko igjen for pengane sine?

Rapporten er mistydande og inneheld ei rekkje graverande feil, der alle feil er i ERKO settefisk AS sin favør. Kvifor?



Foto: Øystein Kyvik

Storavatnet er ikkje eit vatn som høver seg til regulering, heving eller tapping.



Foto: Øystein Kyvik

Bustad- og oppvekstområde:

Vatnet ligg midt inne i den nest største tettstaden i Sunnhordland, omkransa av bolighus der fleire tusen menneske bur, der barn og ungdom veks opp. Vatnet er det største i kommunen vår. Vatnet skil seg frå andre vatn, fordi det ligg som eit parkvatn heilt i nærleiken av der folk bur og lever.

Vatnet er vår stolthet, det er parkvatnet vårt, det er vår naturpark, vår møteplass, vårt nærområde og vårt rekreasjonsområde.

Storavatnet er i dag definert som eit regionalt friluftsområde.

Visjon: Det er gjort mykje dei seinare åra for å bevisst vidareutvikle bydelen Sagvåg og Litlabø til ein enda betre stad å bu og vekse opp. I desse dagar vert ein visjon utarbeida til dette formålet.

Bydelen skal tilrettelegge for friluftsliv, næringsliv, reiseliv og turisme, hand i hand med at det skal fortsatt vera ein framifrå god plass å bu og vakse opp, og ein bydel me skal vera stolte av å vere ein del av. ERKO settefisk AS sine plastslangar passar dårleg inn i dette biletet.

Langs vatnet går det fleire vakre lange turvegar, lysløyper og sykkelstiar.



Foto: Øystein Kyvik

Turisme, inntørka siv og illeluktande gjørme: Den historiske Banevegen frå gruvetida, der toga gjekk med kis, går langs Storavatnet, frå Litlabø til Sagvåg. Vegen er den lengste samanhengande flate turvegen på Stord. Her lærer barn å sykle og å gå på ski, eldre og handicappa nyttar vegen ettersom fleire aldersboligar ligg ved vegen og ved vatnet.

Banevegen er også nytta av svært mange som skal til Sagvåg for å handle. Vegen vert også nytta som skuleveg. I dag er dette ein vakker og romantisk veg langs vatnet, med rastebenkar og grillplassar. Vegen er historisk og skal også nyttast til turisme, gruve- og båtturisme mellom Sagvåg og Litlabø.

Ein del av turismen er knyta til vatnet, både langs vatnet og i vatnet.

Turismestraumen skal gå langs vatnet mellom Litlabø og Sagvåg, nettopp fordi dette er ein historisk nytta veg og fordi det er ein nydeleg veg i rolege naturskjøne omgjevnader.

Inntørka siv og illeluktande gjørme er ikkje ein del av det me vil syne turistane eller det me vil at folk skal forbinde med Storavatnet. Det er heller ikkje det me vil leve med oppi i kvardagen vår. I dag er det frodig langs vatnet og vatnet inneheld eit rikt fugleliv. Mange barn og vaksne matar endene og svanene på Storavatnet.

Storavatnet, ei ferdselsåre: Storavatnet er ei ferdselsåre og det har vore ei ferdselsåre gjennom fleire hundre år. På Ropaneset ropte folk når dei trong skyss over vatnet. Frå Stordø Kisgruber AS rodde dei kis i prammar over Storavatnet, frå Litlabø til Sagvåg. Prammar på vatnet skal vera ein av turismetilbodet i framtida. På ein open dag i gruvane kjem det tusen gjester frå nært og fjernt. Gruveturismen er i stor frammarsj. Å røre vatnet ville vore ein stor fadese.

Samlingspunkt: I dag vert ferdselsåra over vatnet brukt meir enn nokon gong tidlegare, men no som rekreasjon og påfyll av livskvalitet. Ved ei ørlita senking av vannstanden vert vatnet delt opp i fire mindre vatn, då kan ein ikkje lenger ro, padle eller segle mellom bydelane, slik som ein har kunna gjort i fleire hundre år.

Vatnet ligg i midten, mellom Sagvåg, Litlabø, Stuva, Vassenden, Landåsen, Hillesgjerdet, og Almås. Vatnet er samlingspunktet for oss alle.

Stabil vannstand og kaianlegg: På vestsida av vatnet bur det folk heilt tett ned til vannkanten. Mange bade- og kaianlegg er faststøypte og murte, med tanke på ein roleg og stabil vannstand. Det er også fleire faststøypte stupebrett, berekna på ein jamn vannstand, utan flo og fjære, utan regulering av vannhøgda. I dei siste førti åra har vannstanden i Storavatnet vore stabil, utan høgdereguleringar.



Hus ved Storavatnet

Foto: Øystein Kyvik

Ved ei ørlita heving av vannstanden vert fleire av turvegane oversvømte. Ved den nyaste turvegen, lysløypa (og også den dyraste turvegen til fleire millionar kroner) er det i dag berre ti cm som skiller vannoverflata frå å renne over turvegen. Dette gjeld i periodar med nedbør. Oppdemming ville vore katastrofalt.

.



Lysløype Foto Øystein Kyvik

Friluftsliv, fiske, turområde og villmark: Østsida av vatnet er som ein uberørt naturpark. Hadde du sett ein grizzlybjørn ved vannkanten, hadde du vore overbevist om at du befant deg i den Canadiske villmarka. I denne delen av vatnet ser ein ingen hus og ingen teikn til menneskelege fotspor, kun natur, fjell, dalar, vatn, bølger, elvar og skogar. Dyre- og fuglelivet er rikt. Det biologisk mangfaldet er stort, naturen er på sitt beste. Det er godt med fisk i vatnet. Den største fisken eg har fått er på 1,2 kg. Mange naboar går saman om hausten og fiskar med garn, etterpå røyker me auren og har stor nabofest. Auren vert servert i lag med kokte poteter, lauk, flatbrød, rømme og noko godt å drikke til.



Padletur på Storavatnet 1. oktober 2013

Foto: Øystein Kyvik

Vatnet er mykje nytta, nettopp fordi det ligg rett utanfor stuedørane til folk og fordi det er svært tilgjengeleg, også for handicappa.

Frivillige (Bydelsbloggen) har dei to siste åra plassert ut over førti rasteplassbord ved bydelen Sagvåg og Litlabø, for å inspirere til enda meir tur- og friluftsliv. Det har vore ein suksess! Mange av rasteblassborda er plassert ulike stader ved vatnet.



Rasteplassbord ved Storavatnet

Foto: Øystein Kyvik





Bobilturistar ved Storavatnet Foto: Øystein Kyvik

Eg har utsikt ned til vatnet frå huset mitt, og kvar dag ser eg folk som nyttar vatnet til rekreasjon; slik som turgåing ved vatnet, grilling, soling, segling, roing, padling, bading, modellbåtar, fiske og lek.



Modellbåt på Storavatnet Foto: Øystein Kyvik

Naboen min er norgesmeister i svømming (Magne Klementsén), han er ein av dei som brukar vatnet, nettopp til svømming. Onkelen min lærte meg å segle i vatnet som barn (Optimistjolle), Stord segleforening.

Organisasjonar og lag: Litlabø kajakkklubb nyttar vatnet ein heil del, nettopp fordi vatnet er så innhaldsrikt, eg sjølv er med i styret i klubben.

Skulane på Stord (også lærarhøgskulen), 4H, Speidaren, Seilbrettforeningen, Stord Jeger og fisk, bedrifter, organisasjonar, turistar, lag og privatpersonar nyttar vatnet.



Nybyrkurs Stord seglbrettforening

Foto: Øystein Kyvik

På vinteren vert vatnet mykje nytta til skigåing og sjølv sagt til skeising. Eg sjølv har gått turar på isen med naboar i måneskin, lytta til knakinga i isen, filosofert over livet og drukke varm heimelaga julelugg. Slike stunder skapar minner for livet.



Januar 2013 skeising på vatnet

Foto: Øystein Kyvik



4H på tur i Storavatnet, foto Øystein Kyvik

På Hustredalsvatnet (del av Storavatnet) har skeisegruppa på Stord laga skeisebane, fordi isen legg seg fort her. Eg spurde Leif Rune Pedersen i ERKO settefisk (på informasjonsmøtet i heishuset på Litlabø) om det ville bli trygt å bruke vatnet til skeising i framtida, dersom dei fekk lov til å regulere vatnet. Til det svara han: «Det veit nå vel ikkje eg».



Foto: HENRIK MUNDAL ANDREASSEN.

Luktproblematikk: Ved regulering av vannstanden vert det luktproblematikk. Storavatnet har fleire tusen meter med strandlinje. Ved regulering kjem gjørma fram og råtelukt. Tidlegare i år vart det nytta ein gravemaskin i vannkanten, det vart ei intens sterk råtelukt i lange tider etterpå.

Dersom det stemmer det Leif Rune Pedersen i ERKO settefisk AS seier, så skal dei oppbevare, selge og brenne fiskeforavfall ved anlegget sitt på industriområdet i Sagvåg. Dersom dette er tilfelle fører sør-vest-vinden drittlukta med seg til handesentrum i Sagvåg. I gamledagar ville folk bu på Vestkanten, nettopp for å unngå røyk og lukter frå sildefabrikkane, skal me no gjenninnføre dette i Sagvåg?

Mygg og knott: Dersom ERKO settefisk AS får vatnet regulert og tappa, vil det danne seg store mengder dammar og sumpar, dette er svært gode yngleplassar for mygg.

Fiskeforavfall rett i fjorden: ERKO settefisk AS har søkt om å få spyle ut 540 tonn fiskeforavfall rett ut i fjorden utanfor Sagvåg sentrum.

Har me ikkje nok drit i sjøen frå før av? Sagvåg har pr. i dag eit stort kloakkproblem frå før av. All kloakken frå bydelen går ureinsa rett i sjøen i Sagvåg.

Fisketur med bestefar: Kor kjekt vert det å fiske med barna eller barnebarna sine utanfor Sagvåg, når ERKO settefisk AS har fora den lokale torsken og pala vår med fiskeforavfall? Alle som har fiska i nærleiken av eit oppdrettsanleg (lovleg avstand) veit av fisken ikkje er etande. Når ein sløyer fisken som har beita på fiskeforavfall, luktar det heilt forferdeleg, fisken er heilt ubrukeleg.

Miljøgifter: I havna i Sagvåg er det påvist store mengder farlege miljøgifter etter tidlegare industri og mangeårig båtbyggjarverksemd. Kan ERKO settefisk AS nytte dette vatnet i sin matproduksjon? Det er ikkje særleg god reklame for norsk matfisk å nytte vatn infisert med tarmbakteriar og tungmetaller, i tillegg til sin eigen produksjonsskit.

Storavatnet inneheld også store mengder med miljøgifter og tungmetaller frå gruvetida. Er det bra å nytte dette vatnet i norsk matvareproduksjon? Sel me ikkje eit norskt fiskeprodukt som me likar å formidle via bilder av norsk natur og reine fjordar?

Kva med sirkulasjonen som me får i Storavatnet i samband med reguleringa, vil sirkulasjonen virvle opp innkapsla tungmetaller frå gruvetida?



Brunt forureina skum på Stordalselva på veg ut i Storavatnet Foto Øystein Kyvik

Lakseoppdrett, eit miljømessig fy-tiltak: Alle seriøse store miljøorganisasjonar er einige med at å drive lakseoppdrett er eit fy-tiltak.

Det går med grovt sett tre deler fisk til å produsere ein del laks. Denne fisken kunne vore nytta til matfisk. I dag kjøper lakseproduksjonsselskapa opp matfisken i frå fattige land, fisk som ikkje burde gått til norsk laks og til vårt overflodssamfunn, men fisk som burde gått til å mette familiane til lokale fiskarfamiliar i fattige land.

Oversvømte hagar: Ved ei lita oppdemming av vatnet, vert det mange oversvømte private hagar og soleplassar langs Storavatnet.

Øydelagde badestrender: Ved regulering av Storavatnet vert badestrendene våre øydelagde. Me vil ha badestrendene våre i fred, barna våre lærer seg å symje på desse strendene.

Plastrøyrrar gjennom eit kulturhistorisk verneområde: Det er planlagt plastrøyrrar gjennom eit kulturhistorisk verneområde, med skriftlege kjelder og påvisningar tilbake til 1300-talet. Eg tenkjer då på området mellom Storavatnet og sjøen, ved sida av Sagvågselva. Her er det bruer, kanalar og demningsanlegg, stiar og små gangveggar. Her er det mølle og det har vore tre ulike sagbruk. Fleire av bygningane er der enda. Heile Sagvågshistorien kjem frå dette museumsområdet. Det er ganske enkelt galskap å føre ein røyrledning gjennom dette området, verken meir eller mindre. Dette har heller ikkje Rådgivende Biologer AS frå Bergen fått med seg i rapporten sin.

Bevegelse i lausmassane: Ved regulering av vatnet vert det tukling med grunnvatnet, det er ein kjent sak at det då fort kan verte sig i lausmassane ved vatnet. Store mengder veg og bygningar står oppført på slike lausmassar etter gruvetida.

Kven betaler for øydelagde vegar? Øydelagde kloakkpumpehus? Øydelagde grunnmurar i private hus? Øydelade trafostasjonar osv? SKL sin største trafostasjon står oppført på slike lausmassar, den gir straum til tusenvis av husstandar og vil koste enormt mange millionar å reparere dersom lausmassane sig, og det kjem dei til å gjera dersom ERKO settefisk AS får løyve til å regulere vatnet.

Kvart år detter litt av lausmassane på Vaskeriplanet ut i vatnet. Ved regulering går denne prosessen mykje raskare, då har me eit stort og kostbart problem.



Trafostasjonen til SKL på fyllmassar ved Storavatnet, foto Øystein Kyvik

Misvisande nedbørsinformasjon: I rapporten til Rådgivende Biologer AS er det rekna ut nedbørsmengde ut frå ein annan stad enn på Stord, dette kan fort bli svært misvisande ettersom det er lokale variasjonar på nedbørsmengden.

NB!

Vannmengde og lekkasje i Storavatnet: Det er rekna ut kor store mengder vatn ERKO settefisk AS kan tappe ut frå vatnet, ut i frå nedbørsmengde og nedslagsfelt. Men kva hjelper dette, når Storavatnet lekker som ei sil? Store mengder vatn lekker ut gjennom bilvegen i Vasspollen. I periodar då det renn store mengder

vatn i elvane inn i Storavatnet, er det framleis små mengder vatn som renn ut frå vatnet i Sagvågselva.

Det er ikkje meir vatn i Storavatnet enn at vatnet treng det sjølv. Det er ingenting overflødig vatn att til ERKO settefisk AS.

Kommunen sin vassbruksplan for Storavatnet: Vennligst les denne omfattande vassbruksplanen for vatnet vårt. Hugs også at vatnet er i enda større bruk no enn når planen vart utarbeida:

<http://www.stord.kommune.no/Planar/Vassbruksplan-for-Storavatnet/>

Det er etter mi meining miljøkriminalitet og ein tragedie for lokalsamfunnet å la ERKO settefisk AS tappe eller heve Storavatnet.

Helsing Øystein Kyvik

Ramsdalen 2

5415 Stord